



Administrativt vedtak

Saksansvarleg: Knut Fredrik Øi

Arkivsaknr.:
19/30-22

Arkiv
K2 - K40

Sakshandsamar
Knut Fredrik Øi,

Dato
16.06.2019

Tildeling av fellingsløyve for hjort, elg og rådyr - Lærdal 2019

Kort samandrag:

Bestandsplan for hjort i perioden 2018-2019 vart vedteke våren 2018. Denne ligg til grunn for løyvetildelinga for hjort. Dei valda som er medlem i Lærdal bestandsplanområde for hjort kan også nytta ubrukte fellingsløyva frå 2018. Totalt er det då 2247 fellingsløyve for hjort tilgjengeleg i 2019. Målet om felling er kring 500 hjort, med ei fordeling på katogori som skissert i godkjend bestandsplan.

Grunna CWD-problematikken og ein opplevd vekst i førekomst av elg i kommunen, vart tildelinga av elgløyve i kommunen også i 2019 dobla til 60 fellingsløyve.

Vedtak:

Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* tildeler Lærdal kommune følgjande fellingsløyve i 2019:

- 1 fellingsløyve på rådyr
- 60 fellingsløyve på elg
- 1437 fellingsløyve på hjort

Lærdal kommune nyttar § 7 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* og avvik minstearealet for tildeling av fellingsløyve på hjort og elg med 50%. Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt §16* tillet Lærdal kommune at alle ubrukte fellingsløyve på hjort i 2018 kan nyttast også i 2019 (for dei valda som er medlem i bestandsplanområdet).

Saka er vurdert etter naturmangfoldlova.

Vedlegg:

Lærdal rådyrvald 2019

Lærdal elgvald 2019

Lærdal hjortvald 2019 - vald med bestandsplan

Lærdal hjortvald 2019 - vald utan bestandsplan

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt

Naturmangfoldlova

Saksutgreiing

Miljødirektoratet har i brev av 28.02.2019 oppmoda alle 15 kommunar i Nordfjella-regionen til å meir enn halvvera bestandane av hjort og elg i høve 2016-nivået. Dette som eit førebyggjande tiltak mot spreining av skrantesjuka. Lærdal og Aurland kommunar er, grunna høg tettleik av hjort og store areal i Nordfjella sone 1, oppmoda til å redusera endå meir. Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) har fått i oppdrag frå Miljødirektoratet å estimera bestandsstorleiken i 2016 og føreslå ei avskytning i 2019 og 2020 som skal resultera i ein halvering av bestandane.

Vurdering

Vårteljingstala i Lærdal frå 2019, sett-hjort-tala frå jakta i Lærdal 2018 og estimatene frå NINA peikar i retning av at førekomsten av hjort i Lærdal er redusert med om lag 30% i høve 2016-nivået. Høge jaktuttak i 2017 og 2018, samt ein høg vinterdødelegheit vinteren 2017/18, er årsaken til denne reduksjonen. Lærdal kommune er såleis godt på veg med å nå målsetninga om reduksjon. NINA-rapporten antyder at ein i Lærdal må fella 362 hjort i 2019 og 317 hjort i 2020 for då å vera på halve bestandsstorleiken i høve 2016. Lærdal kommune skal redusera endå ein god del meir, så dei lokale fellingsmåla lyt vera ein del høgare enn dette. Truleg i området kring 500 felte hjort i 2019.

Våren 2018 vart det godkjent ny bestandsplan for hjort i Lærdal, gjeldande for perioden 2018-19. I samråd med styret/årsmøtet i Lærdal bestandsplanområde for hjort, har rådmannen slutta at det ikkje er trong for formelle endringar i bestandsplanen, trass i brevet frå Miljødirektoratet og estimatene frå NINA. I bestandsplanen er det argumentert for eit minsteareal på 250 daa i planperioden (2018 og 2019). Dette krev eit avvik frå forskriftsfesta minsteareal som er på 500 daa i heile kommunen. Lærdal kommune nytta *Forskrift om forvaltning av hjortevilt §7* for å avvika dette med 50% i 2018, til 250 daa, og gjer det same i 2019. Dette gir 1437 fellingsløyve for hjort i 2019. *Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 16* opner for at fellingsløyve kan flyttast mellom åra i planperioden. Det er opp til kommunen å vurdere i kva for grad dette kan nyttast. Situasjonen med skrantesjuka og trongen for ein monaleg reduksjon i hjortestamma, er argument for at det ikkje burde vera begrensning i tal fellingsløyve i planperioden. Rådmannen vurderer det difor til at alle ubrukte fellingsløyve på hjort frå 2018 også kan nyttast i 2019. Det er lite truleg at mange vald vil ha bruk for desse løyva, men det er heller ikkje sterke argument for at dei ikkje skal vera tilgjengelege om nokon skulle ha trong for dei. Det er kun dei valda som er medlem i Lærdal bestandsplanområde for hjort som har denne moglegheten. I desse 38 valda (av 50 totalt) var det 810 ubrukte fellingsløyve. Totalt vert det då 2247 tilgjengelege fellingsløyve for hjort i Lærdal i 2019.

Lærdal kommune nytta *Forskrift om forvaltning av hjortevilt §7* for å avvika frå minstearealet på tildeling av elgløyve i 2018 med 50%. Det vart då delt ut 60 fellingsløyve, mot normalt ca 27. Fellingsresultatet vart 13 elg, mot ein normal på mellom 5-9. Kravet om bestandsreduksjon gjeld også for elg, og rådmannen ser det difor som naturleg at avviket på minsteareal for tildeling av elgløyve vert vidareført også i 2019.

Jamfør *Naturmangfaldlova § 7* skal prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit. Ved godkjenning av bestandsplan for hjort i Lærdal bestandsplanområde i perioden 2018-19 (sak 079/18) og ved tildeling av elgløyve i 2018 (sak 18/51-32) vart desse punkta grundig belyst. Situasjonen er i dag den same som då desse vurderingane vart gjort våren 2018. Rådmannen legg desse vurderingane til grunn også for 2019.

Rådmannen tilrår at Lærdal kommune, med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, tildeler følgjande fellingsløyve i 2019:

- 1 fellingsløyve på rådyr
- 60 fellingsløyve på elg
- 1437 fellingsløyve på hjort

Oversikt over tildeling til dei ulike valda er å finna i vedlegga.